

# Bioforsk Rapport

Bioforsk Report

Vol. 4 Nr. 55 2009

## Stølsdrift i Valdres

Flaskehalsar for stølsdrift og nye stølstilknytt  
næringar - eit forprosjekt

Kristin Daugstad og Tor Lunnan

Bioforsk Aust Løken

[www.bioforsk.no](http://www.bioforsk.no)







Hovedkontor/Head office  
Frederik A. Dahls vei 20  
N-1432 Ås  
Tel.: (+47) 40 60 41 00  
Tel.: 03 246  
post@bioforsk.no

Bioforsk Aust Løken  
Volbu  
2940 Heggenes  
Tel.: (+47) 40 60 41 00  
Tel.: 03 246  
loken@bioforsk.no



*Tittel/Title:*

Stølsdrift i Valdres - Flaskehalsar for stølsdrift og nye stølstilknytt  
næringar - eit forprosjekt

*Forfatter(e)/Author(s):*

Kristin Daugstad og Tor Lunnan

<i>Dato/Date:</i> 5.mai 2009	<i>Tilgjengelighet/Availability:</i> Open	<i>Prosjekt nr./Project No.:</i> 3110060	<i>Saksnr./Archive No.:</i>
<i>Rapport nr./Report No.:</i> 4(55)/2009	<i>ISBN-nr./ISBN-no:</i> 978-82-17-00496-7	<i>Antall sider/Number of pages:</i> 19	<i>Antall vedlegg/Number of appendices:</i>

<i>Oppdragsgiver/Employer:</i> Valdres natur- og kulturpark	<i>Kontaktperson/Contact person:</i> Kjell Arne Berntsen/Katharina Sparstad
--	--

<i>Stikkord/Keywords:</i> Stølsdrift, småskala turisme, småskala foredling, mjølkeproduksjon, beite, kulturlandskap	<i>Fagområde/Field of work:</i> Grovfôr og kulturlandskap
--	--

*Sammendrag:*  
Denne utgreiinga gjev ei oversikt over stølsdrifta i Valdres og har sett på kva som skal til for at gardbrukarane vil fortsette med stølsdrift og/eller grunnar til at dei sluttar med stølsdrift. Fokuset er på "flaskehalsar" for stølsdrift, både innan landbruksdrifta og i eventuelle tilleggsnæringar knytt til stølsdrifta. Metoden er 19 intervju med stølsbrukarar, ansatte på landbrukskontor og prosjektleiarar. Konklusjonen er at det er økonomien i landbruket og i småskala turisme og foredling som er den største trusselen for stølsdrifta. Men det er også andre flaskehalsar, som teknisk standard og mangel på straum som kan gjere fortsatt stølsdrift vanskeleg. Innan småskala turisme har arbeidet med produktutvikling og profesjonalisering eit stykke igjen, men det er på tur. I oppsummeringa trekker me fram nokre moment som det bør fokuserast meir på.

<i>Land/Country:</i>	Norge
<i>Fylke/County:</i>	Oppland
<i>Kommune/Municipality:</i>	Øystre Slidre
<i>Sted/Lokalitet:</i>	Heggenes

Ansvarlig leder / Responsible leader

Prosjektleder / Project leader

Håkon Johs. Skarstad

Kristin Daugstad

## SAMANDRAG

Fordi metoden me har valt gjev ei presentasjonsform som kan gjere det vanskeleg å prioritere mellom dei ulike flaskehalsane eller meiningane har me valt å setje opp samandraget punktvis.

- Viktigaste årsak til den sterke tilbakegangen i tal stølar i drift i Valdres er nedlegging av bruk med mjølkeproduksjon, ikkje nedlegging av stølsdrifta. Årsakene til nedlegging av bruk er mange, men det viktigast er at økonomien i mjølkeproduksjonen har vore dårlegare enn økonomien i andre næringar dei siste åra. Dette verkar særleg inn ved generasjonsskifte. Intervjua våre viser eit samstemt resultat på dette punktet.
- Den prosentvise delen av mjølkebruk med stølsdrift held seg konstant i Valdres. Den er svært høg i øvre delar av Valdres, men lågare i Sør-Aurdal og Etnedal. Potensialet for å auke stølsdrifta ved å få fleire til å starte med støling er derfor ikkje stort. Men det fins også dei som har starta opp att med støling, både ved gardsoverdraging innan familien og når gardar blir selde på den opne marknaden.
- Mesteparten av hushaldsinntekta kjem utanfrå landbruket. Derfor blir det eit spørsmål om nok tid til gardsdrifta. Inntrykket er at stølsdrifta blir oppretthalden så lenge det blir produsert mjølk, men fleire av informantane seier at dette er avhengig av at kårfolket stiller opp. Dei har både kompetansen som trengs og krev lite betaling. Elles når det gjeld bruk av innleigd budeie er det delte erfaringar/ulike meiningar om kor lett det er å få tak i kvalifisert hjelp.
- Av verkemidla som fremjar stølsdrift, er stølstilskottet under regionalt miljøprogram (RMP) det viktigaste. Auken av dette tilskotet har ført til at kyrne er lengre på stølen. Men sidan det fortsatt er mykje haustkalving, gjev det ikkje så stort utslag på mjølkemengda. ”Spesielle miljøtiltak i landbruket” (SMIL-middel) blir også i stor grad brukt til stølsområda i Valdres, men betyr lite økonomisk i forhold til RMP. BU-ordninga er viktig for investeringar både for stølsdrift og tilleggsnæringar.
- Den tekniske standarden på stølane blir vurdert som god frå tilsette i landbruksetaten i kommunane. Det er gjort mykje dei siste åra for å tilfredsstille krav til vasskvalitet og mjølkekvalitet. Det har vore gitt mykje Bygdeutviklings-tilskot til stølsfjøs. Det vil likevel krevje meir oppgradering dersom fleire startar produsere meir sommarmjølk. Det er vanleg med haustkalving, men særleg i Nord Aurdal og Vestre Slidre blir det produsert mykje mjølk om sommaren også.
- Stølsbrukarane ønskjer innlagt straum på stølen, men ser samtidig at det i mange tilfelle er lite realistisk økonomisk. Så straum er ikkje eit vere eller ikkje vere for stølsdrifta. Det er ulik praksis i ulike delar av Valdres på kor lett det er å setje opp fleire hus på stølen. Reglane blir til dømes strengare praktisert i statsallmenningen i Øystre Slidre enn i Vestre Slidre. Formålet med desse husa kan vere både for bruk innan familien og til småskala turisme.
- Dei agronomiske sidene ved stølsdrifta fungerer stort sett bra. Dei fleste har i dag dyra på inngjerda nattbeite, noko som er ein relativt ny praksis. Nokre skulle nok ønske høgare avdrått frå beitet, og tiltak for å betre beitekvaliteten er derfor aktuelle enkelte stader. Sjølv om det dei siste åra har vorte meir ledig areal i bygda, er det fortsatt lettare å nytte seg av stølsområda for å skaffe seg nok beite og vinterfor. Også store samdrifter ser nytten av fjellbeitet. Det kan vere konflikter mellom mjølkedyr og andre dyreslag (ammekyr, sau)

som kan konkurrere om beitet og gje uro i flokken. Men generelt er det rikeleg med utmarksbeite i Valdres. Meir bruk av radiobjøller, enkle sperregjerde og betre tilsyn kan dempe slike konflikter.

- Trivselen med å vere på stølen for folk og dyr blir nemnt av dei fleste. Samtidig synes mange det er stusseleg at det er færre som er på stølen. Mange er bekymra for at det skal bli så få som leverer mjølk frå stølen at Tine sluttar å hente. Derfor er det viktig at vegane blir haldne i stand og det er også nokre som meiner samanbindingsvegar mellom støslaga er eit godt tiltak slik at det blir mindre køyring for mjølkebilene.
- Attgroing er eit generelt problem som "alle" ser. Heimåsen, som før var mykje brukt, er no nærast gløymt som utmarksressurs over store delar av Valdres. For å halde landskapet ope er fleire dyr på beite, til dømes kastratar, og ryddingstiltak som risknusing og hogst aktuelt.
  - Kommentar: det er truleg behov for meir informasjon om kva biologiske verdiar som fins i støslandskapet. Mange ser ut til å sjå samanheng mellom langvarig bruk og stort biologisk mangfald gjerne med innslag av raudlisteartar. Men nokon trur det vil bli restriksjonar på bruken av området dersom det blir funne sjeldne artar eller vegetasjonstypar.
- Mange informantar, både landbrukskontor, prosjektleiarar og stølsbrukarar, meiner økonomien i småskala turisme og foredling kan vere dårleg. Ein grunn er at mange driv i for liten skala, og at med eit større volum vil ein kunne få meir igjen. Det krevs kunnskap og kompetanse for å lukkast med småskala reiseliv og foredling. Fleire har tru på at samarbeid mellom reiseliv og landbruk må baserast på ulike avtalar og "pakker" der stølsbesøk inngår i eit konsept. Det er delte meiningar om kor mange det er plass til i marknaden; nokon meiner at det vil øydelegge for dei andre dersom ein startar med turisme, andre meiner desto fleire tilbod desto meir kjent blir det og desto fleire etterspør.
  - Kommentar: det er vanskeleg å finne offentleg statistikk for økonomien i tilleggsnæringa, og det bør sjåast nærare på så ikkje feilaktige påstandar blir einerådande. Me veit ikkje kor stor marknaden er for stølsturisme og lokale matprodukt er, men den er neppe metta enno. Folk er truleg forsiktige med å satse på nye ting, og "det er berre plass til nokre få" kan vere ei unnskyldning for at ikkje meir blir starta opp.
- Oppfatninga blant informantane er at det er få som har tilleggsnæringar til stølsdrifta i Valdres, men det har auka dei siste åra. Det blir gjeve god offentleg bistand til tilrettelegging og oppstart, både frå enkelte kommunar og frå Valdres natur og kulturpark (VNK). Mange av informantane er skeptiske til den offentlege satsinga på småskala turisme og foredling, og meiner pengane heller skulle vore nytta på landbruket. Noko av grunnen er at nye næringar blir sett på som lite lønsame, og dessutan at det berre hjelper eit fåtal av bøndene.
  - Kommentar: Utifrå temaguiden til VNK er det ikkje så få som arbeider med nye stølstilknytte næringar i Valdres. Me har ikkje gått inn på om det offentlege brukar mykje eller lite pengar på nye næringar. Uansett er dette middel, prosjekt og satsingar som i liten grad kunne gått til ordinær landbruksdrift.
- Rapporteringa til BU er nemnt som svært arbeidskrevjande, og kan vere grunnen til at det blir søkt om lite til satsingar innan nye næringar. Innrapportering/melding om bruk av eigen mjølk til ysting og sal av rømme vart også nemnt som unødig byråkratisk av ein informant.

- Det er lite sannsynleg at me kan oppretthalde landbruket på dagens nivå i Valdres utan offentlig støtte. Høgare tilskot vil fremme landbruket og stølsdrifta. Det er da viktig at tilskota er målretta. Eksempel på tilskot som kan fremje stølsdrift er ekstra tilskot for å ha open støl for besøkande, og tilskot til dei som leiger seg buskap og/eller støl utan å vere produsent elles i året.
- Betre pris på produkt er viktig for økonomien i landbruket. Fleire informantar er positive til arbeidet som blir gjort med å dokumentere kvaliteten på mjølk og kjøt produsert på fjellbeite, og meiner dette kan utnyttast i marknaden. Dersom fleire i tillegg legg om drifta og produserer meir mjølk om sommaren kan dette gje større inntekt.
  - Kommentar: det ser ut som informantane er meir positive til auka pris på råvarene og å få ”andre” til å ta seg av foredlinga og salet.
- Meir samarbeid innan støslaga, gjerne i regi av sameiger som allereie har ein formell struktur, er eit forslag for å forenkle og utvikle landbruk og stølsdrift, og eventuelt utføre ryddetiltak og legge til rette for ulike utmarksaktivitetar. Dei som driv aktiv støling bør i større grad beite eller hauste innmark på stølane som ikkje er i drift slik at jorda og landskapet blir halde i hevd.

## Innholdsliste

Side

1. Innleiing	6
2. Stølsdrift i Valdres	6
3. Stølsrelaterte prosjekt i Valdres	8
4. Intervju av utvalde personar - metode	10
5. Resultat og drøfting	11
5.1. Stølsdrifta	11
5.1.1. Økonomi	11
5.1.2. Tekniske tiltak	12
5.1.3. Agronomiske utfordringar	13
5.1.4. Samdrifter	14
5.2. Nye stølstilknytt næringer	14
5.3. Tiltak og støtteordningar	17
5.4. Kulturlandskap	18
6. Oppsummering	19
7. Litteratur	21

## 1. Innleiing

Målet med forprosjektet har vore å få ei oversikt over stølsdrifta i Valdres og å kartleggje kva som skal til for at gardbrukarane vil fortsette med stølsdrift og/eller grunnar til at dei sluttar med stølsdrift. Om muleg grunnar som kjem i tillegg til det me allereie veit om dårleg lønsemd i landbruket. Fokuset er på "flaskehalsar" for stølsdrift, både innan landbruksdrifta og i eventuelle tilleggsnæringar knytt til stølsdrifta. Ein flaskehals kan vere bygningar som treng oppgradering, ingen tilgang til internett, dårleg vasskvalitet og mangel på straum, men også vanskeleg arbeidssituasjon, dårlege beiteforhold eller problem med buskapen. Rapporten skal danne grunnlag for å vurdere om ein skal sette i gang eit større prosjekt og kva det skal innehalde.

Me har intervjuet 19 meiningsberarar med tilknytning til stølsmiljøet i Valdres for å få fram ulike syn på stølsdrifta og eventuelle flaskehalsar. Omfang og mulegheiter for tilleggsnæringar har også vore emne for intervjuet. Me har ikkje hatt ressursar til ei stor gransking med eit tilfeldig utval av gardbrukarar som kunne ha gjeve statistisk representativt resultat på ulike spørsmål, men gjennom å intervjuet ulike meiningsberarar som kjenner godt til dei lokale forholda har me fått fram dei viktigaste synspunkta blant gardbrukarane. Intervjuet har vorte utført i samråd med Norsk senter for bygdeforskning i Trondheim. Bygdeforskning har også vore diskusjonspartnar under arbeidet.

For å sette resultatet frå denne undersøkinga inn i ein større samanheng har me samanlikna med andre relevante undersøkingar, både i Valdres og nasjonalt. Me har også sett det som viktig å presentere nokre av prosjekta med tilknytning til stølsdrift i Valdres. Desse prosjekta har skaffa viktig kunnskap som bør bli tatt med vidare. Til slutt legg me fram nokre forslag til vidare satsing i Valdres.

## 2. Stølsdrift i Valdres

I mange fjellbygder står mjølkeproduksjon med stølsdrift framleis sterkt. Landbruket her treng beitet og fôret som blir produsert på fjellet for å ha nok fôrgrunnlag for dyra. Samtidig er det gode vegar for transport av dyr, diesel og kraftfôr til fjells og mjølk og fôr heim att. Stølsdrifta har gått mykje tilbake dei siste åra i takt med nedgangen i talet på mjølkebruk. Samtidig produserer landbruket og kanskje spesielt stølsdrifta verdiar som er viktige for mange fleire enn dei som er i næringa. Her tenker me på turisme og friluftsliv og på bevaring av biologisk verdifulle område.

Tabell 1. Tal stølar med mjølkeproduksjon i 2004 (Skarstad et al. 2008)

Kommune	Tal stølar med mjølkeprod. i 2004		SUM	Tal bruk med mjølkeprod.	Mjølkebruk på støl i % av alle
	Eigen støl	Fellesstøl			
Vang	42		42	67	63
Vestre Slidre	75	7	82	94	87
Øystre Slidre	83	3	86	90	96
Nord-Aurdal	59	10	69	86	80
Sør-Aurdal	16	7	23	50	46
Etnedal	11		11	44	25

Det er ulikt omfang og form på stølsdrifta i Valdres (tab. 1). Det er mest stølsdrift i Vestre Slidre, Øystre Slidre, Nord Aurdal og Vang. Nord i Sør Aurdal er det også aktiv stølsdrift, medan det lenger sør i kommunen og i Etnedal er få som produserer mjølk på stølen. Dette er blant anna historisk betinga. Til dømes i Etnedal var det i første halvdel av 1900-talet mange av dei tidlegare stølane i



høgdelaget 800-900 m o h som vart omgjort til heilårsbruk. Desse bruka har ikkje egne stølar, men har nytta utmarka rundt garden til beite.

Den relativt låge delen av mjølkebruka som nyttar stølen til mjølkeproduksjon i Vang kan sannsynlegvis forklarast ved at det er liten produksjon av sommarmjølke og mange har tørre kyr om sommaren, sjå tabell 2. Men dei brukar absolutt beiteressursane i fjellet. Det er også mindre oppdyrka areal rundt stølane i Vang enn lenger sør i Valdres. I Vestre Slidre og Nord Aurdal er om lag 20 % av jordbruksarealet i fjellet (Skarstad et al. 2008).

Rundt ein tredel av årsproduksjonen av mjølke skjer i dei fire sommarmånadene i Vestre Slidre og Etnedal (med Land) (Tabell 2). Vang produserer minst sommarmjølke følgd av Øystre Slidre og Sør Aurdal. Dette skuldast meir haustkalving i desse kommunane.

Tabell 2. Meierileveranse i juni-september i prosent av årsproduksjonen i 2007 (Kjelde: Tine produsentteneste)

Kommune	% av årsproduksjon
Vestre Slidre	32,2
Land og Etnedal	31,7
Nord Aurdal	27,3
Øystre Slidre	23,6
Sør Aurdal	23,6
Vang	20,4

Både tal kyr og tal geiter har gått tilbake dei siste 60 åra (Skarstad et al. 2008), og geita kanskje i endå større grad enn kyr. Likevel er det fortsatt 20 besetningar med geit i Valdres som alle har stølen som viktig del av drifta. Det har vore ein sterk nedgang i tal stølar i drift dei siste åra, og i 2008 var det 240 enkeltstølar med mjølkelevering i Valdres (tab. 3). I tillegg var det sju fellesstølar, tre i Nord-Aurdal, to i Vestre Slidre, ein i Sør-Aurdal og ein i Øystre Slidre.

Tabell 3. Tal enkeltstølar med mjølkelevering minst ein månad i Valdreskommunane - utvikling i perioden 2004-2008 (Kjelde: Fylkesmannen i Oppland - søknader Regionalt Miljøprogram).

Kommune	Enkeltstølar med mjølkelevering					Prosentvis endring
	2004	2005	2006	2007	2008	2004-2008
Vang	42	43	43	40	37	-12
Vestre Slidre	75	72	69	64	61	-19
Øystre Slidre	83	79	77	96	70	-16
Nord-Aurdal	59	55	50	53	50	-15
Sør-Aurdal	16	14	14	13	12	-25
Etnedal	11	12	11	10	10	-9
Valdres, sum	286	275	264	256	240	-16

Sjølv om den store trenden er færre gardsbruk og dermed mindre stølsdrift er det også nokon som har starta opp att med støling dei siste åra. Dette skjer når det er nye som har kjøpt seg gard eller når den yngre generasjonen startar opp att noko som foreldra la ned.

Det er få som satsar på småskala foredling og reiseliv i tilknytning til stølsdrift i Valdres. I ei spørjeundersøking som vart gjort blant alle stølseigarar i Vestre Slidre i 2000 (Oppland fylkeskommune et al. 2000) seier nesten 70 % av dei som svara at dei ikkje har anna næring som bygger på stølen sine ressursar. Av dei med anna næring er utleige av stølen og vedhogst dei største. Berre 3,8 % av dei spurte gav opp at dei dreiv med "seterturisme/servering".

### 3. Stølsrelaterte prosjekt i Valdres

Det er gjennomført ei rekkje prosjekt i Valdres med stølsbruk og stølar i fokus frå midt på 1980-talet fram til i dag. Dette kapitlet gjev ein kort presentasjon av dei fleste prosjekta.

#### Levande stølar 1998-2002

Hovudmålsettinga med prosjektet var å sjå om ekstensive driftsmodellar for mjølkeproduksjon på ku, der utmark og stølsdrift er ein vesentleg del av ressursgrunnlaget, kan vere eit alternativ det var verdt å satse på i område med slike ressursar. Samtidig ville ein bidra til å skjytte unike kulturlandskap som er i ferd med å gro att. Prosjektet var delt i tre, der hovudsatsinga var stølsdrift, agronomi og kulturlandskap. Næringsutvikling med fokus på småskala reiseliv og foredling var det andre delprosjektet. Det tredje delprosjektet såg på historisk bruk av stølsområda. Prosjektet var støtta økonomisk av mange institusjonar og organisasjonar, og var leia av Norges Vel. Mykje av prosjektarbeidet var knytta til 15 gardsbruk i Valdres og Hallingdal. Det vart skreve fleire rapportar og eigen sluttrapport (Tuv, 2002).

#### Levande stølar og kulturlandskap 1998-2001

Målsettinga til prosjekt "Levande stølar og kulturlandskap" var å supplere det næringsretta prosjektet "Levande stølar" gjennom å dokumentere kva effekt ulike endringstiltak i stølsdrifta ga på dei kulturpåverka vegetasjonstypene og kulturlandskapet. Det vart undersøkt korleis inn- og utmark på stølane kunne utnyttast på ein optimal måte både med omsyn til beite (og dermed økonomi) og til biologisk mangfald og andre kulturlandskapsverdiar. Prosjektet var finansiert av Norges forskningsråd og Landbruksbanken og vart avslutta med eigen sluttrapport (Norderhaug og Sickel, 2002) og mange av resultatane er også å finne i boka "Beitende husdyr i Norge" (Vangen et al. 2007).

#### Stølsvidda

"Stølsvidda" er namnet som Nordisk Ministerråd sette på eit område som i hovudsak er i Ulnes og Svennes sameiger, då dei i 1986 peika ut 13 område i Norden som særleg interessante innanfor prosjektet "Biotopvern i Norden". Utpeikinga var nok først og fremst på grunn av det rike fuglelivet. Stølsviddeprosjektet starta i 1994 som del av Landbruksdepartementet si utprøving av områdetilskot for landbruket. Prosjektet vart vidareført fram til 2007 med treårige handlingsplanar og løyving frå Fylkesmannen. Etter den tid har kommunen bidratt med å innvilge SMIL-middel. Prosjektet har heile tida vorte leia av Ulnes og Svennes sameiger.

"Stølsvidda" var fram til 1950 det største samanhengande området i Norge med aktiv stølsdrift, og Fløten var registrert som Norges største stølslag (Strand og Ødegård, 2006). Arbeidet på Stølsvidda har heile tida hatt som mål å finne fram til stimulerande tiltak for å oppretthalde stølsdrifta, og dermed ta vare på kulturen og naturen slik den har blitt forma gjennom århundre med ressursutnytting for å berge folk og fe.

#### Stølsprosjektet i Hedmark, Oppland og Møre og Romsdal (2006-2010)

Som resultat av forhandlingar under jordbruksavtalen 2005 har Landbruks- og matdepartementet (LMD) øyremerka 10 mill kroner over ein femårsperiode. Desse midla deler LMD likt mellom dei tre fylka slik at det blir 667.000 på kvart fylke per år. Desse midla går til å støtte tiltak som skal føre til auka næringsverksemd i samband med stølsdrift. Midla skal fremme støling som kulturberar,

reiselivsprodukt og merkevare for å styrke næringsgrunnlag, sysselsetting og bumiljø. Dei skal brukast til tiltak for å styrke gardar med aktiv stølsdrift og for å leggje til rette for næringsutvikling i samband med støling. Fylkesmannen i Oppland lyser ut midla og har utvikla prioriteringskriterier der samarbeid mellom gardbrukarar, samarbeidstiltak mellom landbruk og reiseliv, kompetansehevande tiltak eller nettverksbygging er prioritert. Søkjarane må ha tilknytning til landbruket. Fylkesmannen i Oppland har teke initiativ til eit samarbeid mellom dei tre prosjektfylka for å utveksle røynsler med gjennomføringa av prosjektet og for å planleggje fellestiltak, t.d. utvikling og produksjon av ei stølshandbok. Norsk seterkultur blir invitert til desse møta. Kontakt med LMD er viktig i gjennomføringa av prosjektet og det blir gjennomført studieturar og møte i samtlege fylke der departementet er representert.

### **Stølsprosjektet i Øystre Slidre 2003-2005**

Dette er eit prosjekt i regi av fagavdeling for næring og miljø i Øystre Slidre kommune, med økonomisk støtte frå Fylkeskommunen, Fylkesmannens landbruksavdeling, Riksantikvaren og region Valdres. Det overordna målet for prosjektet var å dokumentere stølsområda med omsyn til naturgrunnlag, kulturmiljø, bygningsmasse, infrastruktur og bruk/drift som grunnlag for berekraftig bruk, planlegging, forvaltning og næringsutvikling. Prosjektet hadde vidare eit tosidig siktemål. For det første at ei aktiv deltaking i Stølsprosjektet skulle gje eit godt grunnlag og kunnskap for berekraftig drift og næringsutvikling i stølsområda, og stimulere stølsbrukarane til vidare satsing på tradisjonell stølsdrift og andre stølsbaserte næringar. For det andre skal resultatet/registreringane bli eit verkty i planlegging og forvaltning, i første rekke for kommunen, men også for til dømes reiselivet. Det står att ein del arbeid før alle registreringane er digitaliserte og fullt tilgjengelege. Erfaringane med interaktiv brukarmedverknad (stølslagsmøte) var gode og blir vidareført i resten av Valdres (Holtan et al. 2005).

### **Valdres natur- og kulturpark**

Satsing på støl og stølsdrift er eit prioritert område for Valdres natur- og kulturpark (VNK). Det er tatt eit nasjonalt ansvar for å bringe stølskulturen vidare i ei moderne tid. Målet er at i 2017 skal minimum 85 % av mjølkeprodusentane i Valdres ha stølsdrift og at aktiviteten på stølane er auka gjennom at omgrepet stølsdrift har fått eit utvida innhald. Satsinga har så langt omfatta:

#### Verdiskapingsprogrammet for kulturminne

Riksantikvaren har valt ut Valdres og VNK som ein av elleve pilotar for Verdiskaping for kulturminne. Hensikta er å bidra til at kulturminne og kulturmiljø blir tatt i bruk i utviklinga av lokalsamfunn og næringsmiljø. Her inngår kartlegging av alle stølsområda, med stølslagsmøte og registreringar. Verdiskapingsprogrammet støttar opp om VNK sitt arbeid med å auke verdiskaping og livskraft i regionen bygd på merkevarebygging knytt til natur- og kulturverdiar (Valdreskvalitet). Av andre tiltak kan nemnast støtte til istandsetting av kulturminne, kurs i restaurering, og støtte til eit dokumentasjonsprosjekt om ystetradisjonar.

#### Støls- og gardsturisme

Satsinga på støls- og gardsturisme har sitt grunnlag i geoturisme-omgrepet. Det er turisme som ivaretek, forsterkar og framhevar den lokale eigenarten til ein stad (miljø, kultur, estetikk og kulturarv) og som kjem lokalsamfunnet til gode. Gjennom støls- og gardsturismesatsinga er det etablert eit nettverk med om lag 40 deltakarar fordelt utover i alle Valdres-kommunane. Dei aller fleste har tilknytning til landbruket og arbeider med å utvikle og vidareutvikle tilboda sine. Det blir satsa sterkt på marknadsføring, m.a. gjennom den nye temaguiden for Valdres og profilering på Valdresportalen. Det blir gjennomført nettverksmøter og seminar med fagfolk frå sentrale organisasjonar, til dømes Hanen (tidlegare Norsk Bygdeturisme og Gardsmat) og Norsk senter for bygdeforskning, og representantar frå nærings- og kulturliv både nasjonalt og lokalt. Om lag halvparten av dei i nettverket deltek i eit Fyrtårnprosjekt med fokus på produktutvikling, samarbeid (både seg i mellom og med reiseliv og kulturliv lokalt) og kompetanseheving gjennom Valdresvert-

kurs og studietur til Østerrike. Støls- og gardsturismesatsinga blir gjennomført i eit samarbeid mellom VNK, Valdres Destinasjon, Verdiskapingsprogrammet for kulturminne i Valdres, Fylkesmannen i Oppland og Innovasjon Norge.

#### **”Heime og på støle” (2007-2009)**

Heime og på støle er eit treårig områdetiltak som skal vere oppstarten på ei langsiktig satsing på landbruket i Vestre Slidre. Oppdragsgjevar er kommunen og fjellstyret i Vestre Slidre, og det er ansett prosjektleiar i full stilling. Målet er å oppretthalde den aktive stølsdrifta og dei verdifulle kulturlandskapa i fjellet. Det er eit mål at stølsdrifta skal vere bærekraftig. Prosjektet har difor fokus på natur og landskap, lokalsamfunn/stølslag og økonomi. Ein skal støtte stølsbrukarane og andre som vil utvikle aktivitetar og vidareutvikle eller skape ny produksjon som fører til at stølsdrifta blir oppretthalden eller vidareutvikla. For å få dette til skal ein jobbe ”både heime og på støle”. Prosjektet samarbeider nært med landbrukskontoret og fjellstyrekontoret i Vestre Slidre, Valdres natur- og kulturpark, og styresmakter på fylkesnivå. Det har blitt jobba med å dokumentere bruksendring og å påverke styresmaktene. Det har også vore arrangert fleire møter, fagdagar og kurs der tema som ysting, grøn omsorg, (om)bygging til kjøtproduksjon og beitepussing har vore tatt opp. Prosjekt som involverer barn og unge blir også gjennomført.

#### **Berekraftig landbruk i fjellregionen - Bioforsk (2007-2011)**

Dette er eit forskingsprosjekt (kompetanseprosjekt med brukarmedverknad) finansiert av Noregs Forskingsråd med lokalt tilskot frå Valdresregionen og fylka Oppland, Hedmark og Buskerud. Prosjektet undersøker om stølsdrift og utmarksbeite gjev spesielle kvalitetar på mjølk og kjøt som kan nyttast til å marknadsføre desse produkta til høg pris som kvalitetsvarer. Vidare ser ein på økonomien i stølsdrifta og korleis stølsdrifta kan tilpassast agronomisk til endringar i driftsformene i mjølkeproduksjonen. Det er tilsett ein stipendiat på Løken som undersøker samanhengane mellom mjølkekvalitet og beitebruk i utmarka.

## **4. Intervju av utvalde personar - metode**

Me har intervjuet 19 meiningsberarar med tilknytning til stølsmiljøet i Valdres. Meiningsberarane er tilsette på landbrukskontora i alle kommunane (6), gardbrukarar (7) og ulike prosjektleiarar og andre personar me meiner har viktige innspel å komme med (6). I den grad det har vore muleg har me forsøkt å bruke informantar som representerer ulike grupper av bønder. Fordi me har hatt avgrensa ressursar, har me valt å intervju personar me veit kjenner godt til forholda blant gardbrukarar og stølsbrukarar i Valdres. Me har intervjuet så få brukarar at me ikkje kan seie sikkert om haldningane er representative eller ikkje for dagens stølsbrukarar. Likevel kan eit lite utval gje eit godt bilde på kva som rører seg. Lista over intervjuobjekt vart til undervegs i prosjektet ved at dei me intervjuet foreslo andre personar det kunne vere interessant å snakke med, den såkalla ”snøballmetoden” (Thagaard, 2003). Med ei slik tilnærming er det ein risiko for at folk nemner andre i sitt eige nettverk, men i og med at me snakka med folk i ulike kategoriar (kommune, stølsbrukarar, prosjektleiarar) kom me i utgangspunktet inn på fleire ”nettverk”. Dei fleste intervju vart gjort over telefon. Me brukte ikkje spørjeskjema, men hadde nokre faste problemstillingar me ville ha synspunkt på og som alle vart spurde om ut frå kva som var relevant for den enkelte. Slik var intervjuet systematiske men likevel fleksible (Repstad, 1993). Det me har fått er ei samling meiningar og betraktningar, på eigne og andre sine vegne, om stølsdrift, landbruk og nye stølstilknytte næringar. Spesielt har me prøvd å finne ’flaskehalsar’ - problemfylte område i samband med stølsdrifta.

## 5. Resultat og drøfting

### 5.1. Stølsdrifta

#### 5.1.1. Økonomi

Det er stor semje blant dei intervjua at nedgangen i stølsdrift kjem av nedgangen i tal bruk med mjølkeproduksjon. Det er gapet mellom lønsemda i landbruket og andre næringar som er drivkrafta bak denne utviklinga. Denne haldninga er tydeleg uavhengig av om det er landbrukskontor, prosjektleiarar eller brukarar som er intervjua. Det er ofte i samanheng med generasjonsskifte at gardsdrifta blir endra, ofte blir det då slutt med mjølkeproduksjon og dermed stølsdrift.

Stølsdrifta i Valdres står likevel sterkt i følgje dei me har snakka med. For 20 år sidan vart det sett på som litt gamaldags og tungvint med stølsdrift, og eit vanleg tema var at beitet var for dårleg. Meir fokus og ulike prosjekt, og tilskotsordningar som er direkte retta mot stølsdrift, har ført til auka verdsetting av stølskulturen. Det er berre ein av våre informantar som nemner at det er viktig at stølsbrukaren møter aksept frå sine yrkesbrør i Valdres. Elles er det fleire som nemner forholdet til bønder i andre område av landet, og dei er fullstendig klar over at til dømes mjølkehentinga på stølane er eit "spleiselag" med alle medlemmane i TINE. Men det er ei gjengs oppfatning om at storsamfunnet set pris på at stølsdrifta held fram og dermed tek vare på både landskap og kultur.

Sjølv om inntektene i landbruket er låge har dei fleste husstandar ei akseptabel inntekt. Dette fordi det etterkvart har vorte det vanlege å hente hovuddelen av inntekta si utanfor garden. Vik (2008) har utifrå undersøkinga "Trender i norsk landbruk 2008" sagt noko om korleis gardsbruka i Oppland er i forhold til heile landet. Andel heiltidsbønder, definert som bruk der meir enn 75 % av netto husstandsinnkomst kjem frå landbruket, er i Oppland 17 %. Dette er omtrent likt med landsgjennomsnittet (16%). Mjølkeproduksjon krev mykje arbeid, og er vanskelegare å kombinere med anna fast arbeid enn dersom ein driv rein kjøtproduksjon eller kornproduksjon. Når mange mjølkeprodusentar hentar det meste av inntekta utanfor bruket, kan nedlegging av produksjonen vera freistande dersom ein får lite att økonomisk for drifta. Dårlig økonomi i mjølkeproduksjonen er derfor den viktigaste årsaka til at folk sluttar med mjølk, og dermed indirekte med stølsdrifta. På den andre sida blir landbruket meir robust ved at ein har god økonomi i andre næringar og dermed mulegheiter til både investeringar og forbruk.

Det blir ofte snakka om ei todeling i landbruket. Ei retning går mot å auke og effektivisere produksjonen mot bulkvarer, og ei retning går mot å ekstensivere drifta og satse på nisjeprodukt som kan oppnå ein høgare pris i marknaden. Ei undersøking om typar og tilpassingar i trøndersk landbruk (Vik, 2005) presenterer enda fleire retningar innan landbruket. I tillegg til "volumlandbruket" og "det småskala nisjelandbruket" finst også "det moderne mangesysleriet" og "livsstilslandbruket". Det moderne mangesysleriet femner om dei med middels store bruk som hentar store delar av inntekta si utanfor garden, og ikkje har spesielle ønskje om volum- eller nisjeproduksjon. Dette er den vanlegaste forma for landbruk som blir drive i Valdres i dag og som per i dag er viktigast for å oppretthalde kulturlandskap og matproduksjon. Dersom denne gruppa også i framtida skal vere villige til å ta denne jobben, må dei fortsette å få støtte (i hovudsak i form av ulike kulturlandskapstilskot) og "orke" å kombinere mange yrkesidentitetar og dertil høyrande kompetanse. Ein av informantane seier: *"Landbruket har vorte ei attåttnæring i Valdres i dag, og kan utvikle seg til å bli eit venstrehandsarbeid. Men inntrykket er at folk held på med stølsdrift så lenge det går. Så lenge det fins kårfolk som stiller opp klarer folk å sjonglere gardsdrift, stølsdrift og anna lønsarbeid."* (1)

Dersom landbruket utviklar seg til eit venstrehandsarbeid (som i sitatet over) vil det få konsekvensar for kompetansen innan landbruket. Det kan også lett føre til dyre feilinvesteringar for å få arbeidet

fort unna i ledige stunder. Dei fleste me har snakka med seier det er brukarane sjølv som tek seg av stølsdrifta (med hjelp av kårfolket), enten dei bur på stølen eller reiser opp og ned. Nokon leiger også inn buedeie, ofte familie og kjente men også ukjente. Det er ei haldning at mange ikkje tørr å sleppe til andre på stølen. Det varierar kor lett det er å finne buedeie, nokon seier det har blitt vanskelegare å finne folk som kan dyrestell. Avløysarlag blir i nokon tilfelle brukt til å skaffe buedeie.

Alle me har snakka med framhevar trivselen med å vere på stølen. Men dei nemner og det faktum at mange av dagens gardbrukarar er i ferd med å miste dette aspektet ved at dei har for mange oppgåver dei skal skjøtte. Det er vanskeleg å finne tid til eit roleg familieliv på stølen, og det blir mykje køyring opp og ned. Det er tidlegare gjennomført fleire spørjeundersøkingar blant stølseigarar i delar av Valdres (Bøland 1994, Fodnes 1995, Oppland fylkeskommune et al. 2000) der trivsel var eit av fleire tema som vart tatt opp. Det er rimeleg å tru at det som motiverer til stølsbruk i Valdres er meir eller mindre likt det Daugstad (2006) trekkjer fram som hovudgrunnar for å drive stølsdrift for landet generelt: Den viktigaste motivasjonen er behovet for beite og fôr, dernest spelar det å oppretthalde ein tradisjon ei viktig rolle, og den tredje motiverande faktoren har med trivsel og rekreasjon å gjere.

### 5.1.2. Tekniske tiltak

Den tekniske standarden på stølane blir vurdert som god frå tilsette i landbruksetaten i kommunane. Det er gjort mykje dei siste åra for å tilfredsstille krav til mjølkekvalitet og mange har også gjort tiltak for å betre vasskvaliteten. Det har vore gitt mykje BU-tilskot til stølsfjøs. Det vil likevel krevje meir oppgradering dersom fleire startar å produsere meir sommarmjølkk som ofte krev betre mjølkeanlegg og plass til større gardstank.

Praktisk tilrettelegging med til dømes vatn og straum er det eit fåtal i undersøkinga som nemner som avgjerande for fortsatt stølsdrift. Likevel er det eit klart ønske frå stølsbrukarane å få straum. Dei fleste kommunane har kartlagt behovet for straum og også gjeve tilskot til å legge inn straum eller til innkjøp av aggregat. Dei stølane som har straum i dag har i all hovudsak fått det på grunn av hyttebygging i nærleiken. Mange stølar ligg såpass langt unna straumnett at det blir veldig kostbart med framføring av straum. Nokre stader kan det vera muleg å få til lokal straumforsyning frå små bekke- eller elvekraftverk, men det gjeld berre eit fåtal stølar.

Krava til vatn, mjølkerom og fjøs blir ikkje handheva like strengt på stølane som på garden heime. Det er mange som framleis ikkje har tilfredsstillande vasskvalitet i forhold til forskriftene. Dersom krava blir handheva strengare, må det investerast meir i sikre vasskjelder hos mange. Ei studentoppgåve som såg på vasskvaliteten på gardar og stølar i Valdres viser at nesten halvparten av stølane har dårleg kvalitet på vatnet (Helle, 2006). Det er heller ikkje alle med eigen brønn heime som har godt nok vatn etter forskriftene. Om forskriftene er rimelege eller ei er det delte meiningar om, men for å ta vare på tiltrua til norsk landbruk er det viktig å følgje regelverket. På mange stølar kan ein forbetre vasskjeldene på relativt lettvinnt måte, til dømes med å gjerde inn og legge lokk over. Men ein kostnad vil det bli, og dersom dette ikkje skal bli det som gjer at folk sluttar med stølsdrift må det gjevast tilskot.

Kvaliteten på stølsmjølka er god. Men det er nemnt at det sist på sommaren når mange kyr er sist i laktasjonen kan bli vel små mjølkemengder. Lite mjølk på tanken gjer det vanskeleg å halde mjølka kjølig nok. Fleire nemner på at dei er heilt avhengige av at TINE framleis vil hente stølsmjølka. Per i dag er det neppe nokon umiddelbar fare at TINE vil gå til det steget å kutte ut mjølkehentinga på stølane i Valdres. Det er viktig at mjølkeproduksjonen ikkje blir for liten, for kostnaden til køyring per liter mjølk aukar mykje når ein må køyre langt for å hente små skvettar. Vegstandard er stort sett bra, og vedlikehald av stølsvegane blir finansiert mest gjennom bompengar.

Sjølv om dei fleste i Valdres har støl, finst det framleis mjølkebruk utan stølsrett. Dette gjeld særleg i Sør-Valdres der nokre nybrottsbruk i høgare strok ikkje fekk tilvist støl til eigedommen. Dette heng saman med eigedomsforholda i utmarka. I kommunar med statsallmenning er ikkje dette noko problem, der får alle med behov tilvist støl. Der utmarka er privateigd, får ein ikkje automatisk stølsrett. Det bør leggjast til rette slik at også desse bruka får stølsrett dersom dei ønskjer det.

### 5.1.3. Agronomiske utfordringar

Dei agronomiske sidene ved stølsdrifta fungerer stort sett bra. Dei fleste har i dag dyra på inngjerda nattbeite. Dette gir noko større avdrått enn ved å ha dyra inne om natta gjennom at ein får beiteopptak på natta og tilgang til vatn heile døgnet. Det blir også mindre møk i fjøset. Nokre skulle nok ønske høgare avdrått frå stølsbeitet, og tiltak for å betre beitekvaliteten er derfor aktuelle nokre stader. Attgroing er eit generelt problem, og kan i tillegg til dårlegare beiteverdi også gje problem med skader på klauver og jur når dyra går gjennom tett kratt og skog. Elles kan det vere konflikter mellom mjølkedyr og dyr som berre beiter, som ammekyr og sau. Konflikten går både på konkurranse om beitet og generell uro i flokken. Ein informant sa: *Haldninga er at det er mjølkeproduksjon som er den tradisjonelle formen for stølsdrift. Dei som berre har beitedyr kan fort "bli i vege" for dei som har mjølkedyr. Dei med beitedyr baserar seg på mindre tilsyn, og dette blir ikkje oppfatta som like bra hos dei som er der kveld og morgon.*"(2)

For å ha betre tilsyn med beitedyra er det foreslått å sette opp enkle sperregjerde. Eit anna forslag er å bruke radiobjøller. Radiobjøller kan også brukast på mjølkedyr dersom det er problem med at dei ikkje kjem til mjølking.

Tilpassing av kalvingstida er den viktigaste faktoren for storleiken på mjølkeproduksjonen på stølen. Ein av informantane seier: *"Folk bør produsere meir mjølk på stølen, med kalving i april/mai. Sommarmjølk er betre betalt og kyrne kjem lettare heim att når dei har mjølkespreng. Folk skal ikkje ha "fri" når dei er på stølen. Å produsere sinmjølk på stølen er dårleg økonomi.*"(3)

Tradisjonelt har haustkalving vore dominerande i Valdres, og mange har lete av kyrne før eller medan dyra er på stølen. Dette gir lite arbeid med mjølking og lett vint stølsdrift samstundes som mjølkeproduksjonen er lettare å styre med innefôring om vinteren. Dei siste åra har det vorte vanlegare med spreidd kalving i mange besetningar, og nokre har også kalving i stølsperioden. Dette gir meir arbeid på stølen med mjølking og kalvestell. Økonomisk kan det komme bra ut ved at mjølkeprisen er høgare om sommaren. I prosjektet 'Levande Stølar' vart kalvingstida vurdert økonomisk (Tuv, 2002). Kalving i februar-mars vart vurdert som best med tanke på sommarmjølk på stølen. Då får ein høglaktasjonen på innefôring, men samtidig stor mjølkeproduksjon på sommaren. Seinare kalving kan også gje bra resultat, men avdråtten blir da normalt lågare og produksjonen blir meir krevjande. Det er vanskeleg å halde stabil og høg beitekvalitet for å sikre eit høgt beiteopptak gjennom heile sommaren når ein baserer seg på utmarka. Mjølkeproduksjonen på stølen blir stimulert gjennom stølstilskotet over regionalt miljøprogram ved at ein får mest tilskot når ein leverer mjølk frå stølen i to månader.

Når det gjeld geit ligg driftsforma meir fast, med kjeing i januar/februar og utmarksbeite om sommaren. Det er lite variasjon i driftstilpassing, men i framtida kan det bli meir fokus på ammegeit. Ammegeit gir mindre kjøtproduksjon enn sau, derfor må den lågare produksjonen kompenseras med kulturlandskapstilskot.

#### 5.1.4. Samdrifter

Fleire av informantane meiner at samdrifter fører til nedlegging av stølsdrifta. Dei tenker helst på større samdrifter med tre eller fleire deltakarar som investerer i nytt fjøs. I Valdres har me enno få slike store samdrifter. Utbygging av store enkeltbesetningar kan også gjere stølsdrifta vanskelegare ved at det må kostbar opprusting til på driftsapparatet på stølen, og det kan også bli vanskeleg å få nok beite i nærområdet til stølen.

Ei stor undersøking om samdrifter (Stræte et al. 2007) viser at Oppland er det store samdriftsfylket i landet. Ved utgangen av 2006 var det registrert 370 samdrifter i Oppland. Til samanlikning hadde Rogaland nest mest samdrifter med 296. Dei aller fleste samdriftene er små. Både for Oppland og landet under eitt er det i snitt 2,3 deltakarar i ei samdrift. Stræte et al. (2007) meiner dei ikkje har funne noko hald i at stølsdrifta blir skadelidande av samdrift. Dei meiner stølsdrift heng saman med lokal kultur og ressursbruk og i mindre grad med teknologi og struktur. Dette grunnjev dei med at dei aller fleste samdriftene er ganske små. Etter endring i lovverket ved årsskiftet 2008/2009 har mange samdrifter der eine parten har vore meir eller mindre passiv vorte oppløyste. Den aktive brukaren har i staden gått over til å leige mjølkekvota til den passive brukaren.

Det er ingen av informantane som kjenner til at det blir slutt på stølsdrift fordi buskapen har vorte så stor at både hus og beiteområde på stølen har vorte for små. Den vanlege samdrifta med to medlemmer fortsett gjerne med stølsdrift på den eine stølen, og brukar innmarka på begge stølane. Men nokon nemner at dersom storleiken på besetningane blir større vil det krevje andre mjølkeløysingar, og kanskje også gje utfordringar når det gjeld beite kvalitet og ferdsel. I dag er det vanleg å ha mjølkekyrne på nattbeite på innmark, dermed er det ikkje behov for å bygge på stølsfjøsa. Men investering i mjølkestall kan bli aktuelt.

Me har intervjuet ei større samdrift som har bygd fjøs med mjølkerobot til 60-70 mjølkekyr. Tre av dei fire aktive brukarane her vil halde fram med tradisjonell stølsdrift ved å ta ut eit høveleg tal med kyr frå samdriftsfjøset og bruke stølen som før. Dette vart første gong prøvd i 2008, og dei vil halde fram i 2009. Fordelen med å fortsetje stølsdrifta er at dei held stølsmiljøet ved like. Dei får også utnytta beiteressursen rundt stølen og slepp å hauste fôr til kyrne som er på stølen. Vidare får dei stølstilskot som andre brukarar slik at økonomien blir brukbar.

## 5.2. Nye stølstilknytt næringer

Norske bønder driv med mykje anna enn sjølve gardsdrifta. Mange har ei eller anna form for næringsverksemd i tillegg til jord- og skogbruk med utgangspunkt i ressursane på garden. Leigekøyring, snøbrøyting, vedproduksjon og utleige av jakt- og fiskerettar er det med størst omfang. I denne utgreiinga har me sett spesielt på interessa for småskala turisme og foredling knytt til stølsdrifta. Eit motiv for å satse kan vere som i tilfellet nedanfor.

*”Dei fleste finansierer gardsbruket med anna arbeid ved sidan av, derfor blir det mindre tid til gardsdrift og til å vere på stølen; lite tid, mykje stress og mindre trivsel. Budeiene på Stølsvidda har som mål å få eit bein til å stå på ved sidan av dyra som gjer det muleg å vere fast på stølen om sommaren. Denne ekstra foten må etter ein innkøyringsperiode kunne bære seg økonomisk.” (4)*

Haldninga er at det er få som satsar på småskala foredling og gardsturisme i Valdres. For å ta ei enkel utrekning av omfanget av stølsturisme i Valdres kan ein med utgangspunkt i Valdres natur- og kulturpark si brosjyre om gards- og stølsopplevingar for 2008 finne at det er 14 som tilbyr ulike former for småskala turisme knytt til stølen. Desse 14 utgjer mellom 5 og 6 % av totalen i Valdres som driv mjølkeproduksjon på stølen (250 stølar). Dette er på same nivå som det Haugen og Vik (2008) har funne. I deira undersøking var det mellom 5,5 og 7,5 % av dei norske bøndene som hadde gardsturisme som attåt næring til gardsdrifta. Gardsturisme var her definert som overnatting,



servering eller opplevelsestilbud. Ut i frå denne svært enkle samanlikninga kan ein seie at det ikkje er spesielt låg oppslutning om stølsturisme i Valdres.

*”Stølsturismen er i startgropa i Valdres, sjølv om det har vore satsing i alle fall i 15 år. For 10 år sidan var det 7-8 som var med på stølsturisme, i dag er det i alle fall det dobbelte. Dei har ulike produkt, men overvekt på dagbesøk, servering og opplevingar. Nokon få har foredling (ysting, rømme). Det er stor forskjell på kva dei satsar på og kor mykje dei satsar, dermed blir det også stor forskjell på det økonomiske resultatet. (5)*

Både dei som har prøvd nye næringar og dei som ser det utanfrå meiner økonomien i småskala turisme og foredling må bli betre for at det skal vere noko å satse på eller eventuelt fortsette med. Mange meiner også det berre er eit fåtal som greier å få til eit godt produkt som dei tener pengar på. Dette blir støtta av mellom anna ei undersøking frå 1998 som viser at mange gardsturisme-bedrifter slit med lita lønnsemd (Viken 1998). Denne undersøkinga er over ti år gammal og i ein reportasje i Bondebladet i 2007 (Åsen, 2007) blir det gjort greie for ei undersøking blant Norsk Bygdeturisme og Gardsmat sine medlemmar, der det blir vist til både auka omsetning og fleire aktørar. Men det er generelt vanskeleg å få fram offentleg statistikk over småskala turisme og foredling fordi det ikkje blir skilt mellom kva som er landbruk og kva som er anna næring.

*”Erfaringa med småskala turisme og foredling er at timebetalinga er låg. Mykje er pusleri. Det må satsing og volum til for å få noko igjen for arbeidet du legg ned. Det må også vere den rette personen som satsar, som kan å formidle og som byr på seg sjølv, og kan dette med å behandle folk.” (6)*

Det er ulike meiningar om kva som skal til for å auke innteninga i nye næringar. Fleire er enige om at tilbydarane i Valdres enno har ein veg å gå på produktutvikling. Til dette krevs det kunnskap i alle ledd. Kunnskapen går både på kva ein skal satse på og ikkje minst korleis utvikle og marknadsføre produktet sitt. Det er etter kvart fleire som meiner dei har eit godt produkt som det er etterspurnad etter i marknaden, men det kjem for lite turistar til at det blir pengar av det. Dersom det hadde komme 50 besøkande på ein dag i staden for 5 ville det raskt vise seg i utbyttet.

*”Du startar med ein ting du trur folk tenner på, men responsen uteblir”. (7)*

Det er også erfaringar med at sjølv om du har ei rimeleg bra marknadsføring, treng ikkje det vera nok til å få mange nok besøkande. Ei mulegheit som blir prøvd i Valdres er å inngå forpliktande avtalar med bedrifter. Til dømes gjennom samarbeid med hotell der stølsopplevingar inngår som del av ei pakkøløysing. Eller at stølen blir brukt under ulike arrangement som til dømes konsertar. Dersom ein skal få mange nok besøkande og dermed god nok økonomi, er ein strategi å satse på fleire former for turisme. I eit tilfelle var det både faste avtalar, kurs og meir eller mindre tilfeldige besøkande som til saman gjorde det lønsamt. Dersom ein ser seg ut berre ein del av turistane, som for eksempel sykkelturistar, er det truleg ikkje nok. Avtalar blir også sett på som ein enklare måte å få vanleg reiseliv og landbruk til å samarbeide.

*”Erfaringa mi er at det er veldig vanskeleg å få reiselivet til å vera med å betale for openbare fellesgode som til dømes felles marknadsføring. Eg har meir tru på at 1-3 stølar inngår avtale med ei reiselivsbedrift om arrangement som skal foregå på stølen.” (6)*

Ein informant seier ein må satse på landbruket og ikkje alle desse turistprosjekta. Han meiner at med eit levande stølslandskap vil turistane komme sjølv om ein ikkje averterer. Og får stølsbrukaren nok tilskot til å fortsette drifta tek han gjerne i mot dei som er interessert. Dersom han skal starte å ta betalt vil det øydeleggje atmosfæren. Å ta i mot gjester er ikkje ein ny geskjeft for bøndene. Brandt og Haugen (2008) seier at byfolk alltid har brukt landsbygda til ferie og fritid, og det å ta i

mot gjester var del av vanleg gjestfriheit snarare enn profesjonell verksemd. Når denne geskjeften i dag skal kommersialiserast stiller det auka krav både til produkta og aktivitetane og ikkje minst til vertskapsrollen. Ein del er likt med landbruk og turisme, til dømes det utydelege skiljet mellom arbeid og fritid, og den uregelmessige arbeidstida. Men turisme medfører kontakt med folk, der du sjølv er del av det du skal selje. *”Det er jo gardbrukarar me er”* seier ein informant, som har erfart at den nye vertskapsrollen er noko som må lærast.

Mange av informantane meiner at det berre er eit fåtal som kan satse på småskala turisme og foredling. Dei som først lykkast med å få eit bra produkt, blir vinnarane i marknaden. Denne påstanden er det delte meiningar om. Dei som driv med turisme meiner at produktet blir meir kjent dersom det er fleire tilbud, og at marknaden er mykje større enn dei fleste trur. Marknaden for lokale produkt frå småskala foredling er heller neppe metta enno. Dersom Valdres skal kunne tilby lokale produkt til alle som vil ha, må endå fleire satse på dette, blir det hevda. Det er også samarbeidsprosjekt i gang i Valdres, til dømes er det fleire stølsbrukarar på Stølsvidda som går i saman om marknadsføring og sal, og har open støl kvar sine dagar i veka. Samarbeidet vil fortsette framover med nokre justeringar i omfang og produkt. Ein informant foreslo at dei ulike sameiga rundt i Valdres, som allereie har ein struktur for samarbeid, kan vere utgangspunkt for satsing også innan småskala turisme.

*”Samarbeidprosjekt om småskala turisme må utformast utifrå ønska til dei som er med. Oppgåvene kan fordelast etter interesser og evner” (4)*

Ein informant kalla turismesatsinga på stølen for eit dameopplegg. Kvinnene tar seg av turistane og karane reiser opp og ned for å få unna gardsarbeidet heime, men trør likevel til når det trengs. Dette ser ut til å stemme med situasjonen elles i landet. Haugen og Vik (2008) har funne at kvinneandelen blant bøndene som satsar på turisme er større enn vanleg. Dei tradisjonelle kjønnsrollene syner seg i aktivitetane. Til dømes tar kvinnene seg av matservering medan mennene guidar.

*”Framover kan det bli ein bøyg at me har for små hus å innlosjere folk i. Det kan også komme til eit punkt der me må vurdere kor mykje ressursar me skal legge i det. Balanse mellom store hus og autentiske forhold. Det må vere ekte, og må vere tilknytt aktiv stølsdrift. Men er det nokon som etter kvart vil kutte ut stølsdrifta og berre satse på turisme, er det opp til den enkelte.” (4)*

I dette utsagnet er det fleire ting å ta tak i. Når det gjeld at husa blir for små har vår undersøking klarlagt at det er ulik praksis kommunane i mellom kor lett det er å få lov å setje opp nye hus på stølen enten til kårsæl eller for å leggje til rette for å satse på nye næringar. Noko kjem av eigarforholdet i dei enkelte kommunane, om det er sameige eller om det er statsallmenning. Men sjølv i statsallmenning er det ulik handheving av lova i ulike kommunar. Dette kan gjere det vanskelegare å satse på nye næringar i nokon område.

Det blir også nemnt at dei vil komme til eit punkt der dei må velje om dei skal fortsette satsinga. Det kan også bli eit val om ein skal fortsette med både landbruk og turisme. Nokon synes det blir vanskeleg å dele seg på fleire profesjonar, og sluttar med tradisjonell gardsdrift når aktiviteten innan gardsturismen veks (Brandt og Haugen 2008). Andre undersøkingar viser at dei som kombinerer landbruk og turisme gjerne vil fortsette med den kombinasjonen (Haugen og Vik, 2008). Det har ikkje vore vår oppgåve å svare på kva turistane etterspør når dei kjem på ein støl. Men når det gjeld gardsturisme viser Brandt og Haugen (2008) til at det ser ut som turistane ikkje er interessert i kva bonden gjer i dag, men kva dei gjorde tidlegare, altså den nære ”romantiske” historia og ikkje traktorkøyring og lausdriftsfjøs. Det kan også forklare erfaringane ein av informantane har med at det er liten interesse for fjøsstell som aktivitet i turismesatsinga. Men samtidig er det mange ungar frå området rundt stølen innom i fjøstida.

Sist men ikkje minst vart det i mange intervju nemnt at mentaliteten er svært viktig. Ein seier at det må bli arbeidd, gjerne frå skulealder, for å få fram ein kultur der ein ser det positive i å skape noko sjølv. Den same seier at det trengs mange fleire som tør å prøve seg innan desse næringane dersom me skal dekke den framtidige marknaden. For hans erfaring er at det er stort fråfall heilt i startfasen blant dei som vurderer å satse på nye næringar. Vik og Blekesaune (2008) har registrert ein tendens til at gardbrukarane i Oppland er noko mindre villige til å satse på blant anna nye næringar enn landsgjennomsnittet, og generelt er noko mindre offensive.

### 5.3. Tiltak og støtteordningar

Alle me har snakka med på landbrukskontora seier at stølsdrift har høg prioritet. Mange seier at det er viktig at gardbrukarane blir møtt på ein positiv måte når dei søker råd. Bøndene nyttar seg av tilskotsordningane, både det generelle produksjonstilskotet (areal og dyr), og dei målretta midla gjennom Regionalt Miljøprogram (RMP) og Spesielle Miljøtiltak i jordbruket (SMIL). Både SMIL- og BU-ordninga blir brukt for å styrke stølsdrifta, men særleg SMIL blir sett på som småpengar hos dei me intervjuja. Av verkemidla som fremjar stølsdrift, er stølstilskotet under regionalt miljøprogram det viktigaste. Det blir sett på som eit svært viktig verkemiddel for at det framleis er ein høg andel av mjølkeprodusentane som driv på stølen. Men stølstilskotet er ikkje stort nok til å hindre nedlegging av mjølkeproduksjon eller til å auke nystarting med mjølkeproduksjon. Ein effekt etter at det vart sett krav om minimumslengde på stølsopphaldet med mjølkeleveranse i stølstilskotet, er at bøndene har kyrne lenger på stølen. Men sidan det framleis er vanleg med haustkalving i Valdres, får ein ikkje att mykje mjølk på denne måten.

Høgare tilskot til stølsdrifta enn i dag vil sjølvstøtt stimulere til større satsing på stølsdrift. Ein av informantane våre ønskjer at tilskotet vart auka til 100 000 kroner årleg i 10 år. Då blir det muleg å planlegge og investere over lengre sikt enn det gjer i dag. Ein annan meiner at for å argumentere for auka tilskot, må ein synleggjere at storsamfunnet får noko att. Det kan for eksempel vere at ein med auka tilskot forpliktar seg til å ta i mot besøkande, eller at ein får ekstra tilskot til lokal foredling og servering av mat frå stølen. Det har også komme fram synspunkt på at det ikkje er samsvar mellom miljøprofilen til RMP og regelverket for tildeling. Til dømes er det ingen grunn til arealgrensar (både øvre og nedre grensar) for garden for å få tilskot til å ta vare på kulturlandskapet. I dag blir tilskotet per dekar kuttet når arealet er over ei viss grense, men dette er strukturpolitikk som favoriserer små bruk, og ikkje landskapsverdiar. På den andre sida er det heller ingen grunn til å kutte produksjonstillegga under ei viss arealgrense, for dei minste brukane kan også forvalte store kulturlandskapsverdiar. Det er heller ingen miljømessig grunn til at beite av stølsinnmark skal gje lågare tilskot enn slått, dersom det ikkje er spesielle slåttemarksverdiar det er tale om. Her er det igjen andre motiv enn miljø som verkar inn, i dette tilfellet støtte til bruk som har arealet sitt langt frå garden (driftsulempe). Evalueringa av RMP (Statens landbruksforvaltning, 2008) viser og at ved overføringa av denne ordninga frå staten til fylket blir ein del av tilskota fortsatt rekna som landbruksstøtte og ikkje miljøstøtte.

*”Kommunen har vore positiv til stølsdrift, og vidare satsing står meir på initiativ frå gardbrukarane enn på offentlege tilskot og vilje til å støtte opp. I tillegg til SMIL-middel og BU-middel har også kommunen brukt av næringsfond til å støtte prosjekt. Det er investert ein del i straum og vatn, slik at det også ligg til rette for turisme. Det er få hindringar for tilrettelegging med bygging av nye hus og satsing på turisme.” (8)*

Når det gjeld støtte til å starte opp med nye næringar varierer det kor stor rolle landbrukskontoret har. Men haldninga er at det står ikkje på kommunen om det er nokon som vil satse. Kommunane har ofte egne næringsfond, og enkelte kommunar har ansatt egne næringskonsulentar.

## 5.4. Kulturlandskap

*"Dei raudlistartane me finn i stølsområda er resultat av mange hundre års stølsdrift. Raudlistartane blir borte dersom beitedyra blir borte." (7)*

Sitatet over kjem frå ein stølsbrukar. Og det ser ut som fleire og fleire deler denne haldninga. Men fortsatt er det nokon som er skeptiske til å ha biologiske registreringar på sin grunn, fordi dei er redde for at området kan bli verna og dei dermed mistar råderetten over det. At skogen har spreidd seg mykje dei seinare åra er det stor semje om. Nokon nemner også at heimåsen nesten er heilt ute av bruk som beite.

Det skjer ei sterk gjengroing av stølslandskapet i Valdres, både under skoggrensa med innvandring av bjørk og delvis gran, og over tregrensa med buskvegetasjon. Årsaka til utviklinga ligg noko i mindre beitedyr, men hovudårsaka er nok mindre bruk av ved og trevirke frå utmarka og mindre rydding rundt stølane (Skarstad et al. 2008). Av beitedyra er geita den beste til å halde busk- og trevegetasjonen nede. Geita er dessverre lite påakta i Valdres som kulturlandskapsarbeidar.

Fleire dyr på utmarksbeite, uavhengig om det er mjølkekyr eller andre dyreslag, er viktig for å halde kulturlandskapet i hevd og vil motverke gjengroing til nokon grad. I dag blir dei oksekalvane som ikkje blir selt ut av distriktet, fôra opp innomhus til ønska slaktevekt. Oksane må ha dagleg fôring og tilsyn om sommaren som kan gje mykje ekstra køyring fram og tilbake mellom garden og stølen. Dersom oksane i staden hadde vorte kasterte, kunne dei ha gått saman med kuflokken på stølen, eller eventuelt nytta ledige innmarks- eller utmarksareal. For at fleire vil prøve denne produksjonen, må kastratproduksjon vera konkurransedyktig økonomisk. Ein informant seier at for å få fart på kjøttproduksjon på kastratar kan Valdres vere prøveområde for ei tilskotsordning der det blir gjeve ein viss sum per kastert okse.

*"For å ta vare på kulturlandskapet i stølsområda må me sjå på andre måtar å drive stølsdrift på. For raudlistartane er det det same om det er ei mjølkeku eller ein kastrat som beiter." (9)*

Det er tradisjonell drift som har skapt landskapsverdiane i stølsområda. Det må ein derfor vere klar over når driftsmåtane for stølsdrift endrar seg. Det er viktig å ha kunnskap om kva det er som tek vare på landskapsverdiane og kva som kan vere til skade. Ryddetiltak for å opne område og hindre gjengroing må utførast etter gode planar, og det er viktig at ein prioriterer område utifrå landskapsverdiar og mulegheiter for å få rett beitetrykk i etterkant av tiltaket.

Ein kan også sjå for seg ei sterkare kobling mellom matproduksjon og landskapsverdiar. Fleire av dei me har snakka med ser positivt på Bioforsk si satsing på å dokumentere kvaliteten på kjøtt og mjølk frå utmarksbeite. At maten er betre på stølen er noko som kling godt i mange sine øyrer, ein seier: *"folk vart friske av å komme på stølen og ete stølskost"* (10). "Mat med meirverdi" er eit begrep som koblar mat og kulturlandskap. Kjøtt og mjølk produsert på beite generelt eller i verdifulle område som er avhengige av skjøtsel for å bevare desse verdiane kan komme inn under ei merkeordning som fører til at ein kan ta ut ein meirpris i marknaden. Valdreskvalitet kan bli eit slikt merke, men det må då utformast retningsliner for kva innhaldet i merket er. Haugen og Vik (2008) fann at bønder som engasjerte seg i gardsturisme var meir opptatt av å sette i gang tiltak som tok vare på kulturlandskapsverdiane enn andre bønder. Dei såg nytten kulturlandskapet har for turismen. Dersom kulturlandskapet blir nærare knytt til matproduksjonen kan det også auke forståinga av å ta vare på verdiane.

## 6. Oppsummering

Arbeidstittelen har vore flaskehalsar for stølsdrift og nye stølstilknytt næringer. Konklusjonen er at det er økonomien i landbruket og i småskala turisme og foredling som er den største trusselen for stølsdrifta. Men det er også andre flaskehalsar, som teknisk standard og mangel på straum som kan gjere fortsatt stølsdrift vanskeleg. Innan småskala turisme har arbeidet med produktutvikling og profesjonalisering eit stykke igjen, men det er på tur. I oppsummeringa vil me trekke fram nokre moment som det bør fokuserast meir på og gjerne diskuterast rundt.

### Datainnsamling og meir kunnskap

Metoden med å intervju 19 meiningsbærarar var ein god måte å få inn relevante data for eit lite prosjekt med begrensa ressursar. Fleire intervju på same nivå ville neppe synleggjort så mykje meir. Ved intervju av landbrukskontor, som tok for seg alle seks kommunane i Valdres, hadde det kanskje vore hensiktsmessig med skjema der me spurte om nøyaktig det same.

Dersom ein er interessert i ei fullstendig kartlegging av kva stølsbrukarane i Valdres meiner, er det overkommeleg med spørjeskjema til dei 250 stølane i aktiv bruk. Men det vil bli kostbart. Det er også gjort slike undersøkingar for delar av Valdres tidlegare. Norsk senter for bygdeforskning gjennomfører spørjeundersøkinga "Trender i norsk landbruk" annakvart år. Her blir eit representativt utval bønder spurt om gardsdrifta og om haldningar og framtidsplaner. Dersom ein kan bidra med noko ressursar kan ein få med eit større utval frå Valdres neste gong undersøkinga blir gjort.

Det er og interessant å sjå nærare på enkelte stølar, for å sjå korleis det moderne mangesystemet blir handtert i praksis. Slik kan ein få eit inntrykk av korleis dagens gardbrukarar klarer å sjonglere alle sine gjeremål, og kva løysingar dei har funne for å få tida til å strekke til.

For å komme eit steg vidare, ikkje berre kartlegge men også utvikle, er metoden som stølsprosjektet i Øystre Slidre brukte og som blir vidareført av Valdres natur- og kulturpark for heile Valdres, ein interessant veg å gå. Då kan ein samle brukarane på dei ulike stølsлага for at dei i samarbeid skal finne fram til kva dei vil gjere framover, og eventuelt kva dei treng hjelp til. Dette kan legge forholda til rette for samarbeidsprosjekt.

Det kan også vere lærerikt å sjå på andre område i Norge med liknande utfordringar; til dømes Lesja der det er eit aktivt og ungt landbruksmiljø, Hallingdal som har komme langt innan småskala foredling og lokal mat (Hallingkost), og Nord Trøndelag som ved å auke stølstilskottet (RMP) har fått tilsvarande auke i tal stølar i drift.

### Utviklinga i landbruket

Mjølkeprodusentane i Valdres strekkjer seg langt for å halde fram med stølsdrifta. Det er nedlegging av mjølkeproduksjonen som er den største trusselen for stølsdrift framover og ikkje at mjølkedyra blir flytta frå stølen til bygda. Dette gjeld også for dei fleste samdriftene, sjølv om utvikling mot store samdrifter med besetning på 60-70 kyr kan endre dette biletet.

For geitebøndene er det neppe gode alternativ til tradisjonell stølsdrift. Greier ein å oppretthalde geitmjølkeproduksjonen i Valdres vil stølsdrifta halde fram med dei positive konsekvensane det har. Geita er det beitedyret som beiter mest på busker og tre, og ein auke av geitetalet vil vere positivt for å hindre gjengroinga i stølsområda.

### **Tilleggsnæringar til landbruket**

Valdres natur og kulturpark har tatt tak i mange utfordringar innan utvikling av småskala turisme og foredling, spesielt innan marknadsføring men og kompetansebygging. Gjennom arbeidet med dette forprosjektet og innspel frå dei me har intervjuar ser denne satsinga ut til å bli gjort på rette måten. VNK arbeider mykje med kompetanseheving eller profesjonalisering blant aktørane, slik at dei skal bli i stand til å selje produkta sine til ein større marknad som består av både enkeltbesøk, spesielle arrangement og avtalar med andre bedrifter.

Men mange av dei me har intervjuar er skeptiske til den offentlege satsinga på småskala turisme. Først og fremst fordi dei meiner dette berre kjem nokre få av dagens gardbrukarar til gode. Dei som har involvert seg i desse næringane har eit anna syn, men innrømmer at det er mykje arbeid og ein lang veg å gå før enn inntektene kjem.

Det me kan seie er at omfanget av småskala turisme og foredling i Valdres i dag truleg er ein lite utnyttta ressurs, som med større satsing vil auke den totale næringsaktiviteten i Valdres. Samtidig er stølsturisme bygd på tradisjonell stølsdrift med på å ta vare på viktige kultur og naturverdiar. Noko som det framtidige landbruket der me kan få andre driftsmåtar på stølen ikkje i like stor grad klarer å ta vare på.

Det er likevel viktig å ta innover seg at det gardbrukarane i all hovudsak gjer i dag er å ta seg anna lønnsarbeid utanom garden. Dette er ei tilpassing som dei har valt ut i frå interesser, økonomi og sikkert andre ting. Dette er tilleggsnæringar, og i mange tilfeller også hovedinntektskjelda til hushaldninga, som gjer at landbruk og stølsdrift blir oppretthalde. Dersom desse mangesyslarane også i framtida skal vere villige til å ta denne jobben, må det leggest til rette for at dei også framover kan kombinere mange yrkesidentitetar og dertil høyrande kompetanseområde.

### **Samordning av verkemiddel og eksisterande kunnskap**

Det er liten tvil om at dei ulike tilskotsordningane for landbruk og stølsdrift verkar. Valdres natur- og kulturpark kan ta på seg oppgåva som pådrivar overfor sentrale myndigheiter for å samordne og fokusere dei ulike ordningane. Det er også ei viktig oppgåve å argumentere for auka støtte til landbruket fordi det produserer fellesgoder som til dømes kulturlandskap som blir brukt både til friluftsliv og til anna næringsverksemd.

Ved gjennomgangen av pågåande og ferdige prosjekt i Valdres slår det oss at det eksisterer mykje kunnskap som kanskje ikkje blir tatt med vidare i stor nok grad. Det er viktig at all denne kunnskapen blir tatt vare på og brukt. Valdres natur- og kulturpark kan sørge for at det blir lagt til rette for dette.

### **Mat med meirverdi**

”Mat med meirverdi” er eit begrep som koblar mat og kulturlandskap. Kjøtt og mjølk produsert på beite generelt eller i verdifulle område som er avhengige av skjøtsel for å bevare desse verdiane kan komme inn under ei merkeordning som fører til at ein kan ta ut ein meirpris i marknaden. Valdreskvalitet kan bli eit slikt merke, men det må då utformast retningsliner for kva innhaldet i merket er. Valdres natur- og kulturpark bør absolutt arbeide vidare med dette.

## 7. Litteratur

Brandt, B. og M. Haugen 2008. Fra melkefjøs til gårdsturisme - fleksible bønder på en ny arena. I R. Almås, M.S.Haugen, J.Vik og M. Villa (red.) *Den nye bygda*. Trondheim: Tapir Akademisk Forlag, 269-283.

Bøland, A. 1994. Stølsbruket i Vestre Slidre før og no, men kva med framtida? 31 s.

Daugstad, K. 2006. Kvinners rolle i seterbruket før og nå. Notat 6/06. Trondheim: Norsk senter for bygdeforskning. 14 s.

Fodnes G.H. 1995. Analyse av landbruket i Ulnes og Svennes sameiger. Stølsviddeprosjektet. Rapport november 1995.

Haugen, M.S. og J. Vik. 2008. Bonde og turistentreprenør, en god kombinasjon? I R. Almås, M.S.Haugen, J.Vik og M. Villa (red.) *Den nye bygda*. Trondheim: Tapir Akademisk Forlag, 285-301.

Helle, A.M. 2006. Vann i Valdres. Oppgave skrevet for ValdresLab AS i faget praktisk miljøforvaltning. 27 s.

Holtan, K., Hålimoen, O. og U. Ullring, 2005. Heilskapleg tilnærming til planlegging, forvaltning og næringsutvikling i stølsområda - Metoderapport med resultat eksempelp. Stølsprosjektet i Øystre Slidre 2003-2005.

Norderhaug, N. og H. Sickel. 2002. Levande stølar og kulturlandskap. Sluttrapport til Norges forskningsråd og Statens nærings- og distriktsutviklingsfond. 31 s.

Oppland fylkeskommune - Fylkeskonservatoren, Fylkesmannen i Oppland - landbruksavdelingen og Fylkesmannen i Oppland - miljøvernavdelingen 2000. Seterbruk i Oppland - status og utfordringer. (Utarbeidet på oppdrag fra Riksantikvaren) Rapport april 2000. 70 s.

Repstad, P. 1993. Mellom nærhet og distanse. Kvalitative metoder i samfunnsfag. Oslo: Universitetsforlaget.

Skarstad, H.J., Daugstad, K., Lunnan T. og H. Sickel 2008. Vilkår og tiltak for å oppretthalde stølsdrift i og utanfor verneområde. Bioforsk rapport. Vol.2 Nr.3 (174). 44 s.

Statens landbruksforvaltning 2008. Evaluering av regionale miljøprogram - Resultatmåling og evaluering til jordbruksoppkjøret 2008. Rapport -nr 9/2008.

Strand, B og N.T. Ødegård. 2006. Stølsvidda - ei bok om Ulnes og Svennes sameier. Valdres Trykkeri. Fagernes.

Stræte, E.P. og R.Almås. 2007. Samdrift i melkeproduksjonen - en samvirkestrategi for økt velferd og fleksibel drift. Rapport 3/07. Trondheim: Norsk senter for bygdeforskning.

Thagaard, T. 2003. Systematikk og innlevelse. En innføring i kvalitativ metode. Bergen: Fagbokforlaget.

Tuv, K.H. 2002. Prosjekt Levande stølar, Sluttrapport. Det kongelige Selskap for Norges Vel. 63 s.

Vangen, O., Sæther, N.H., Norderhaug, A., Holtet, M.G., Holand, Ø., Fimland, E., Sickel, H. og Hufthammer, A.K. 2007. Beitende husdyr i Norge. Tun Forlag AS, 156 s.

Vik, J. 2008. Trender i norsk landbruk 2008 - Frekvensrapport. Rapport 13/08. Trondheim: Norsk senter for bygdeforskning.

Vik, J og A. Blekesaune. 2008. Trender i norsk landbruk 2008 Oppland. Notat nr 2/08. Trondheim: Norsk senter for bygdeforskning.

Vik, J. 2005. Trønderbonden: Typer og tilpasninger i trøndersk landbruk. Rapport 5/05. Trondheim: Norsk senter for Bygdeforskning. 70 s.

Viken, S. 1998. Bransjeundersøkelse av gårdsbesøk. Rapport 1/98. Røros, Nasjonalt senter for Bygdeturisme. 35 s.

Åsen, A. 2007. Turisme og gardsmat for to milliardar i året. Reportasje i Bondebladet 8.november 2007. S 26-27.